



Arild Veland
Svindalsvegen 15
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2938 - 19/33279

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
14.11.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - Gbnr 24/29 Fammestad

Tiltak: Garasje
Byggestad: Svindalsvegen 15 – gbnr 24/29
Tiltakshavar: Arild Veland
Ansvarleg søker: Arild Veland

Saka gjeld søknad om å få setje opp garasje innanfor byggegrense mot kommunal veg. Byggegrense mot kommunal veg er gitt i Veglova § 29.


Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Eigedom ligg innanfor regulert område. Byggegrense mot kommunal veg er ikkje vist i reguleringsplan. I tilfeller der byggegrense ikkje er vist i reguleringsplan vert Veglova § 29 gjort gjeldande. Byggegrense mot kommunal veg er i § 29 satt til 15 meter, målt frå midt kommunal veg. Det vert søkt dispensasjon frå byggegrense for garasje med ei minste avstand 8,0 meter, målt (rett luftlinje) frå vegmidt kommunal veg. Garasje vil komme i eit nivå som er ca 8 meter høgare enn kommunal veg.

Vurdering:

Garasje ønskjess plassert med ei minste avstand frå midt kommunal veg på 8,0 meter og i eit nivå som er ca 8 meter høgare enn kommunal vegnivå. Med ei slik plassering vil garasje ikkje kome i konflikt med drift og vedlikehald av kommunevegen.



Arealet der garasje ønskjess plassert er allereie planert og vert nytta som biloppstillingsplass.



Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppsetting av garasje. Området fungerer i dag som parkering og snuareal.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknad og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 8, meter.
- Dette vedtaket gjeld berre for plassering av tiltak i forhold til kommunal veg. Føresetnad for dispensasjon er at det vert gitt løyve til tiltak etter plan og bygningslova. Før tiltak vert etablert skal det ligge føre godkjenning frå avdeling for byggesaker.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det oppstår skade på tiltak, som følgje av tiltaket sin plassering i forhold til veg, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av tiltak må sjølv sørgje for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Det er med heimel i Veglova § 29 at vegmynde sett krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld plassering av tiltak etter Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatretslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Vi gjer merksam på at dette ikkje er eit byggeløyve. Byggeløyve vert handsama av avdeling for byggesak i eget vedtak etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oppdat. kart garasje - gbnr 24-29

Kopi til:

Ingrid Bjørge Pedersen

Mottakarar:

Arild Veland

Svindalsvegen 15 5913

EIKANGERVÅG